

STANDARDFORSKRIFT FOR HUSHALDNINGSAVFALL I NoMil-OMRÅDET

Stryn, Stad, Bremanger og Gloppen, Kinn

(Revidert 2005, 2007, 2010, 2011 og 2019)

Forskrifta gjeld frå 01.01.2020.

Føreskrifta er vedteken i

- Stad kommunestyre 13.12.2019
- Bremanger kommunestyre 19.12.2019
- Gloppen kommunestyre 18.12.2019
- Kinn kommunestyre 14.11.2019
- Stryn kommunestyre 19.12.2019 med følgjande vedtak:
 1. Framlegg til ny standardforeskrift blir godkjent med unntak av §4 punkt 4.9.1 avsnitt 5: tvungen fritids-renovasjon gjeld likevel ikkje eigedom med meir enn ein kilometer til næraste køyrbare heilårsveg
 2. Dagens ordning for fritidseigedommar vert vidareført

Forskrift i medhald av lov av 13. Mars 1981 nr 6 om vern mot forureiningar og om avfall (Forureiningslova) § 30, § 34 og § 83 siste setning.

Nordfjord Miljøverk IKS vert i forskrift skrive NoMil.

INNHALD:

KAPITTEL 1 – GENERELLE VILKÅR

- § 1 Hovudmål og verkeområde
- § 2 Definisjonar
- § 3 Handsaming av visse typar hushaldningsavfall
- § 4 Tvungen renovasjonsordning

KAPITTEL 2 – INNSAMLING M.V. AV HUSHALDNINGSAVFALL

- § 5 NoMil sine plikter og rettar
- § 6 Abonnentane sine plikter og rettar
- § 7 Innkjøp og vedlikehald av oppsamlingsutstyret
- § 8 Bruk av oppsamlingsutstyret
- § 9 Plassering av oppsamlingsutstyr
- § 10 Krav til køyreveg
- § 11 Avfall som vert samla inn ved eigne ordningar

KAPITTEL 3 – GEBYR

- § 12 Fastsetting og betaling av gebyr
- § 13 Utrekning av gebyr
- § 14 Innkreving, renter mm.

KAPITTEL 4 – KLAGE OG STRAFF

- § 15 Klage
- § 16 Straff

KAPITTEL 1 – GENERELLE VILKÅR

§ 1 HOVUDMÅL OG VIRKEOMRÅDE

Nordfjord Miljøverk IKS (heretter NoMil) har som hovudmål å arbeide for at avfall som oppstår vert handsama på ein kostnadmessig, helsemessig og miljørett måte i samsvar med nasjonal avfallspolitikk.

NoMil skal vere ein sentral aktør i regionen og for å dekke hushalda sitt behov for avfallstenester.

NoMil skal skape og legge til rette for gode gjenvinningsordningar og stimulere til kjeldesortering. NoMil skal informere og drive haldningsskapande arbeid slik at fleire får forståing for miljøretta avfallshandtering.

Denne forskrifta gjeld oppsamling, innsamling og transport av hushaldningsavfall i dei områda som NoMil, har ansvaret for. Forskrifta gjeld også gebyr for dette.

NoMil overtek med heimel i denne forskrift kommunen sine rettar og plikter for saker som gjeld renovasjon og avfallshandsaming, jf. Forureiningslova § 30, § 34 og § 83. NoMil overtek eigedomsretten til avfall som vert samla inn eller levert til NoMil.

Næringsdrivande kan på visse vilkår slutte seg til innsamlingsordninga, og forskrifta gjeld disse så langt ho passar.

§ 2 DEFINISJONAR

Abonnett: Eigar av eigedom som inngår i renovasjonsordninga. For eigedom som er bortfesta for 30 år eller meir, eller der festar har rett til å få festet forlenga slik at samla lengd av festet vert 30 år eller meir, reknast festar som abonnett. I burettslag og sameige er burettslaget eller sameiget abonnett.

Abonnementeinng: Ei slik eining er definert på ein av dei følgjande måtane:

- Eit hus som er definert som bustad i eigedomsregister (matrikkel)
- Eit husvære/bueining med eige kjøken, som er definert som eiga bueining i eigedomsregister.
- Inntil 5 hyblar som deler felles kjøkken, i hus som er definerte som bustad i eigedomsregister.
- Hytte/fritidshus eller fritidshusvære.
- Campingvogn oppstilt i 3 månader eller meir utanfor godkjent campingplass med eiga renovasjonsordning

Bustad: Bygningstype 100 til 199 etter NS3457 som brukast til bustadformål. Som husvære/bueining reknast også fritidsbustad og permanent oppsett campingvogn nytta til bustadformål. Bygningar må ha større BRA enn 20 m², rekna etter NS 3940, for å utløyse gebyrplikt.

EE-avfall (elektrisk og elektronisk avfall): Kasserte elektriske og elektroniske produkt, det vil seie produkt som er avhengige av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for korrekt funksjon, samt utrustning for generering, overføring, fordeling og måling av slike straumar og felt. Som EE-avfall reknast òg dei delar som er naudsynte for avkjøling, oppvarming, vern mv. av dei elektriske eller elektroniske delane. Miljødirektoratet eller den Miljøverndepartementet gir mynde avgjer i tvilstilfelle kva for produkt som er EE-produkt jf. Avfallsforeskrifta kapittel 1.

Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgjevinga om eigarseksjonar reknast som sjølvstendig eigedom.

Farleg avfall: (tidlegare spesialavfall) Avfall som ikkje hensiktsmessig kan handterast saman med forbruksavfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr, jf. Avfallsforskrifta kapittel 11.

Fritidsbustad/-bygg: Eigedomar som er registrert i matrikelregisteret som fritidsbustad eller hytte. Ved tvil avgjer NoMil kva som skal reknast som fritidsbustad.

Gjenbruksstasjon: Eit tilrettelagt område eller lokalitet med organisert oppsamling av separate avfallsfraksjonar. Stasjonen skal vere bemanna og ha faste opningstider.

Glas- og metallemballasje: Avfall som har inneholdt drikke og matvarer som er brukt i ei hushaldning. Matrestar skal skylast av emballasjen før den vert lagt i oppsamlingseininga.

Hentestad/Tømmestad/Oppsamlingsplass: Godkjente areal der abonnenten plasserer oppsamlingseiningane ved innsamling. Kan vere felles for fleire abonnentar.

Hushaldningsavfall: Avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande, jf. Forureiningslova § 27 og Miljødirektoratet sin rettleiar M-258 frå 2014 Berekning av kommunale avfallsgebyr.

Ved tvil fastset NoMil kva som er hushaldningsavfall

Næringsavfall: Avfall frå offentlege og private verksemdar og institusjonar jf. Forureiningslova § 27 og Miljødirektoratet sin rettleiar M-258 frå 2014 Berekning av kommunale avfallsgebyr.

Ved tvil fastset NoMil kva som er næringsavfall.

Renovasjonsbil: Lastebil med komprimator og aksestrykk på minst 8 tonn og minst 10 meter lengde brukt ved innsamling av avfall.

§ 3 HANDSAMING AV VISSE TYPAR HUSHALDNINGS-AVFALL

Avfallsgrupper som ikkje er med i den organiserte henteordninga, skal bringast til gjenbruksstasjonar, andre godkjente avfallsmottak eller leverast gjennom særskilte innsamlingsordningar som vert kunnngjort av NoMil. Dette gjeld mellom anna farleg avfall, EE-avfall, stål og større gjenstandar.

Medisinrestar skal leverast til apotek som har godkjent ordning for slikt avfall.

Avfall som er eksplosivt, radioaktivt, sjølvtennande eller smittefarleg må leverast til mottak med særskilt løyve til dette, overleverast til lokal politimyndigheit eller andre som med heimel i lov, kan ivareta avfallet forsvarleg.

§ 4 TVUNGEN RENOVASJONSORDNING

4.1

Alle eigedomar i kommunane der det er oppført hus som kan nyttast slik at hushaldningsavfall vert produsert er omfatta av tvungen renovasjon av hushaldningsavfall. Forskrifta gjeld også tvungen renovasjon av hytter og fritidseigedomar.

4.2

I medhald av Forureiningslova § 30 kan enkelte eigedomar fritakast frå renovasjonsordninga. Søknad om unntak skal vere skriftleg og grunngeven. Det blir ikkje gitt unntak på sosiale grunnlag.

4.3

Dersom ein bustadeigedom ligg slik til at det er vanskeleg å levere avfall gjennom dei vanlege avfallsordningane, kan eigedomen etter særskild søknad bli unntatt frå innsamlingsordninga. Dette betyr at det ikkje vil vere avfallsbeholdarar tilknytte eigedomen, men eigaren kan likevel bruke gjenbruksstasjonane.

NoMil kan òg gje unntak frå innsamlingsordninga for særskilte eigedomar grunna lokalisering på same grunnlag.

4.4

Eigedomar med vegtilkomst, men som har meir enn 300 meter transport av avfallet fram til hentepunkt, kan etter søknad få redusert renovasjonsgebyr.

4.5

Bygningar må ha større BRA enn 20 m², rekna etter NS 3940, for å utløyse gebyrplikt.

4.6

Verksemder med avfall og som ikkje er rekna som abonnement etter § 2, kan etter eige ønskje slutte seg til renovasjonsordninga.

Etter søknad kan det avtalast ordningar der slike eigedomar sjølv syter for avfallsbeholdarar og transport, men avfallet skal sorterast og gjenvinnast, og restavfallet skal handsamast på den måten som NoMil til ei kvar tid nyttar.

For slik verksemd gjeld reglane i denne forskrifta så langt dei passar.

4.7

NoMil er ansvarleg for innsamling av alle typar hushaldningsavfall i samsvar med Forureiningslova og denne forskrift.

4.8

Andre aktørar (t.d. private renovasjonsselskap), kan berre få løyve til innsamling av hushaldningsavfall gjennom særskilt avtale med NoMil. NoMil sine rettar er avgrensa av § 30 siste ledd i Forureiningslova.

4.9

Det er tvungen fritidsrenovasjon for alle abonnementeteiningar som vert nytta som fritidshus, etter kategoriar og med differensierte satsar avhengig av kategori.

Det vert plassert ut særskilte containerar for oppsamling av avfall frå fritidseigedomane.

NoMil avgjer plassering av containerane basert på tall hytter/fritidseigedomar i det aktuelle området.

Avfall frå fritidseigedomar vert handsama som restavfall dersom krav om kjeldesortering ikkje er gjort gjeldande for desse abonnentane.

4.9.1

Kategori 1 (høg sats)

Abonnenteiningar der det ikkje er fastbuande, og som oppfyller alle 3 kriteria :

- a. Innlagt straum
- b. vatn og avlaup
- c. Veg som er køyrbar heile året eller båtbygge

Kategori 2 (middels sats)

Abonnenteiningar der det ikkje er fastbuande, og som ikkje fell inn under kategori 1-3-4 og som oppfyller minst 1 av kriteria i kategori 1

Kategori 3 (låg sats)

Abonnenteiningar som er større enn 20m2 BRA, og som ikkje oppfyller nokon av kriteria i kategori 1-2-4

Kategori 4 (fritekne)

Abonnenteining mindre eller lik 20 m2 BRA. (Standardforskrifta §2 Definisjonar, 3. avsnitt)
Huseigar kan søkje om fritak for abonnenteining som stå til nedfalls.

Tvungen fritidsrenovasjon gjeld likevel ikkje eigedom med meir enn ein kilometer til nærmaste køyrbare heilårsveg.

I tvilstilfelle om kven som er omfatta av tvungen fritidsrenovasjon, eller kva kategori ein eigedom høyrar til, avgjer NoMil saka etter å ha innhenta uttale frå kommunen.

4.9.2

Eigar av hus med renovasjonsabonnement kan søke om fritak for andre bueining på same eigedomen som ikkje er i bruk til bustad eller fritidsføremål.

4.10

NoMil kan samle inn næringsavfall av same type og samansetjing som hushaldningsavfallet på dei vanlege renovasjonsrutene. Næringsavfallet skal då registrerast på tilfredsstillande måte slik at det vert oppretthalde klart kostnadmessig skilje mellom hushaldningsavfall og næringsavfall.

KAPITTEL 2 – INNSAMLING M.V. AV HUSHALDNINGSAVFALL

§ 5 NOMIL SINE PLIKTER OG RETTAR

Avfallsfraksjonane skal hentast regelmessig etter tømmeffrekvens som er avgjort og kunngjort av NoMil. Det kan gjennomførast stikk kontroll av det sorterte avfallet.

NoMil er ikkje pliktig til å ta med avfall som ikkje er framsett i godkjent oppsamlingsutstyr. NoMil skal informere abonnentane om alle endringar i abonnementstilhøva.

Oppsamlingsutstyret er NoMil sin eigedom, og skal stå att på eigedomen ved endring av abonnent. For rekkehus, bustadblokker og liknande tett busetnad, kan NoMil pålegge fleire abonnentar å bruke felles oppsamlingsutstyr.

Renovatøren er pliktig til å ta med avfall som inngår i innsamlingsordninga, føresett at avfallet er lagt i rett behaldar, tilfredsstillande sortert og sett frem på hentepunktet til rett tid.

Innsamlinga skal gjerast på ein slik måte at det medfører minst mogleg ulempe med omsyn til støy, lukt og liknande. Etter tømning skal renovatøren setje behaldaren tilbake til hentestaden med lukke lok og han skal fjerne eventuelt søl frå tømninga.

Renovatøren kan legge ned behaldaren eller nytte eventuelt etablert sikring for å hindre at behaldaren kjem på avveggar under sterk vind mv. etter tømninga.

Nomil skal bidra til at abonnentane kan nytte heimekompostering.

§ 6 ABONNENTEN SINE PLIKTER OG RETTAR

Abonnenten er ansvarleg for at bruken av oppsamlingsutstyret skjer i samsvar med denne forskrift. Abonnenten er ansvarleg for å gje melding til NoMil om endringar i abonnementsstilhøva som t.d. eigarskifte og endring i avfallsmengde.

Abonnenten skal plassere oppsamlingsutstyret på hentestaden seinast kl. 07:00 på tømmedagen.

Bortkomme eller skadd oppsamlingsutstyr (utover normal slitasje) skal erstattast økonomisk av abonnenten. Abonnenten er ansvarleg for særskilt merking av behaldaren dersom dette vert kravd av NoMil.

Abonnenten er pliktig til å gjennomføre slik sortering av avfallet som NoMil til ei kvar tid gjer vedtak om. Dei som har avtale med NoMil om heimekompostering skal ha varmkompostering og skal ikkje ha matavfall i restavfallsdunken.

Det er forbod mot brenning av hushaldningsavfall og farleg avfall utanom særskilt godkjende forbrenningsanlegg.

§ 7 INNKJØP OG VEDLIKEHALD AV OPPSAMLINGSUTSTYRET

NoMil kjøper, leverer ut og eig oppsamlingsutstyret til kvar abonnent, tilpassa køyrerute, avfallsmengde og dei fraksjonar som skal sorterst. NoMil syter for vedlikehald og utskifting av utstyret.

Alt oppsamlingsutstyr vert merka med eit nummer som samsvarer med abonnementsidentifikasjonen. Abonnenten er pålagt å notere nummeret på avfallsbeholdarane.

§ 8 BRUK AV OPPSAMLINGSUTSTYRET

Oppsamlingsutstyret skal brukast slik at avfallet er sikra mot skadedyr og andre hygieniske ulemper. Abonnenten skal syte for reinhald av utstyret.

Oppsamlingsutstyret skal ikkje nyttast til andre føremål enn til oppsamling av avfall i samsvar med denne forskrift. Oppsamlingsutstyret må ikkje overfyllast, og avfallet må ikkje pakkast fastare enn at det lett kan tømmast.

I oppsamlingseininga må det ikkje leggest flytande avfall, varm oske, avfall som kan skade menneske og utstyr, eller avfall som er nemnt under § 3 i denne forskrift. Skarpe eller knuselege gjenstandar, fuktig avfall, avkjølt oske, støvsugarposar og liknande skal innpakkast før det vert lagt i oppsamlingseininga.

Fraksjonar som ikkje er med i ordinær henteordning skal handterast som omtalt i § 3 i denne forskrift.

Det er forbode å legge avfall frå fast bustad eller verksemder i felles oppsamlingsutstyr som er tenkt til hytter, turistar o.l.

Ved graverande eller gjentekne avvik i sortering av avfall, kan NoMil sine renovatørar nekte å tømme oppsamlingsutstyret før avfallet er rett sortert. Dersom abonnenten ikkje føl skrifteleg pålegg frå NoMil, skal saka rapporterst til kommunen for vidare oppfølging.

§ 9 PLASSERING AV OPPSAMLINGSUTSTYR

Abonnenten avgjer sjølv kvar oppsamlingsutstyret skal plasserast på eigedomen utanom tømmedagane. Plasseringa må likevel ikkje vere i strid med denne forskrift, plan og bygningslova, grannelova, veglova eller andre lover og forskrifter.

Hentestaden er staden der renovatøren hentar innsamlingsutstyret og tømmer det i renovasjonsbilen. Hentestaden skal vere ein trafikkisikker plass ved køyrbar veg, ikkje meir enn 5 meter frå køyreveg.

Etter søknad kan NoMil ved fastlegging av hentestad ta særskilde omsyn til sjuke, uføre o.l. Det kan etter særskilt ordning og mot ekstra betaling gjerast avtale om anna henting av avfallet.

NoMil kan fastsette eigna hentestadar for å få til ei effektiv og trafikkisikker innsamling. I tettbygd strøk skal abonnentane nytte felles oppsamlingsplassar der NoMil krev det.

På hentestaden skal oppsamlingsutstyret vere plassert lett tilgjengeleg på eit flatt og fast underlag på terrengnivå og godt synleg frå renovasjonsbilane.

Tilkomsten til oppsamlingsutstyret skal vere fri for hindringar som kan gjere hentinga vanskeleg. Abonnenten skal syte for at oppsamlingsutstyret vert henta tilbake til eigedomen frå hentestaden same dag som tømninga har funne stad.

§ 10 KRAV TIL KØYREVEG

Køyreveg som skal brukast i samband med renovasjonsordningar, skal ha snuplass eller vere gjennomgåande, og dessutan ha kurvatur, stigningstilhøve, breidde og styrke som er tilpassa NoMil sine ordinære renovasjonsbilar. Køyrevegen må vere godkjent for lastebil med eit akseltrykk på minst 8 tonn og minst 10 meter lengde. Vegen må ha ei fri høgde på minst 4 meter. Private vegar og fellestillkomst vert normalt sett ikkje rekna som køyrbar veg.

Om vinteren må vegen vere brøytta og om naudsynt strødd. Vegeigar er ansvarleg for tilstrekkeleg vedlikehald og fjerning av skog og kratt langs vegane, og grunneigar er ansvarleg for dette på eigen eigedom. NoMil kan utarbeide eigne retningslinjer for køyreveg.

Dersom tilkomsten vert hindra av ulike grunnar, er abonnenten pliktig til å bringe avfallet fram til renovasjonsbilen, eller ta vare på avfallet til neste hentedag.

Dersom ein eigedom ikkje har vegforbindelse, eller at køyrevegen ikkje tilfredsstillar krava i denne paragrafen, kan NoMil gjere naudsynte tilpassingar i renovasjonsordninga. Slik tilpassing vil vere at avfallet vert samla inn med båt, at abonnentane sjølv må bringe avfallet til felles oppsamlingspunkt ved tilfredsstillande køyreveg, eller at eigedomen blir gitt unntak frå innsamlingsordninga.

§ 11 AVFALL SOM VERT SAMLA INN VED EIGNE ORDNINGAR

NoMil kunngjer dei til ei kvar tid gjeldande innsamlingsordningar. Abonnenten er pliktig til å sortere avfallet i samsvar med vedtak i NoMil og bruke det oppsamlingsutstyr som er planlagt for dei ulike avfallsgrupper.

Abonnentar kan inngå skriftleg avtale med NoMil om heimekompostering av våtorganisk avfall. Desse abonnentane vil ikkje få tildelt eventuelt oppsamlingsutstyr for våtorganisk avfall dersom denne sorteringsordninga vert gjennomført, men få reduksjon i gebyret etter vedtak i gebyrforskrifta.

KAPITTEL 3 – GEBYR

§ 12 FASTSETTING OG BETALING AV GEBYR

I samsvar med § 34 i forureiningslova fastset kommunane avfallsgebyr som skal dekke alle kostnadane med avfallshandteringa jf. rettleiing frå Miljødirektoratet.

Gebyret kan krevjast inn i fleire terminar, og kan differensierast for å fremja avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning.

Kommunen vedtek gebyrregulativet og fastset gebyret.

For nye abonnentar vert gebyret rekna frå og med den 1. månaden etter at abonnenten er innmeldt i renovasjonsordninga. Tilsvarende vert gebyret rekna fram til siste dag i den månaden renovasjonen sluttar.

Ved endring i behaldarstorleik/abonnementsstype vert gebyret justert frå og med den 1. i månaden etter at endringa er gjort. NoMil kan krevje kompensasjon for utkøyring og innhenting av behaldarar.

Gebyr kan òg krevjast ved levering av avfall på gjenbruksstasjonane.

NoMil kan etter søknad gje reduksjon i gebyret for husvære som er i bruk mindre enn 6 månader kvart år.

§ 13 UTREKNING AV GEBYR

Renovasjonsgebyret til abonnentane vert utrekna på bakgrunn av gebyrforskrifta.

NoMil fastset gebyret for levering av visse typar avfall til gjenbruksstasjonane, som ikkje er dekkja av abonnementsgebyret.

Gebyret skal som hovudregel fastsettast etter volum/vekt.

NoMil kan fastsette eigne gebyrsatsar for næringsavfall, også næringsavfall som samlast inn på dei ordinære renovasjonsrutene. Slike gebyrsatsar skal likevel minst dekke NoMils kostnadar med næringsavfallet som handsamast.

§ 14 INNKREVIING, RENTER M.V.

Gebyr, renter og andre kostnader er sikra med legalpant, jf. pantelova § 6-1.

Reglane i Lov av 6. Juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane § § 26 og 27 gjeld for renteplikt ved for sein betaling og for inndriving av avgifter.

NoMil fakturerer på vegne av den einskilde kommune abonnenten for renovasjonsgebyret.

Eigaren/heimelshavar er ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald, men først etter at han har fått den nødvendige varslina.

NoMil kan bruke inkassobyrå til å krevje inn uteståande gebyr som ikkje er betalt.

KAPITTEL 4 – KLAGE OG STRAFF

§ 15 KLAGE

NoMil kjem med pålegg og gjer vedtak etter denne forskrift. Vedtak som er gjort av NoMil kan påklagast i medhald av § 85 i forureiningslova, jf. Forvaltningslova.

Klage skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, vert den oversendt til klageutvalet/styret i NoMil som skal gjere endeleg vedtak.

§ 16 STRAFF

Brot på føresegnene vert straffa med bøter etter forureiningslova § 79, 2.ledd.